

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8.

Fylke: Nordland.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Rødøy.

Emne: Beit og Brom.

Bygdelag: Storselsøy.

Oppskr. av: T.K.Heen,

Gard:

(adresse): Nordvørnes.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

- 1) Mor - fødd 1856 - fortalde at på Storselsøy var i "gamle dagar" bjørkris nytta til bumat (Ein bumat, bumaten, bumate, bumatan) Men etter 1900 trur eg ikkje at bjørkris har vore nytta større til for på øya. Men inne i fjorane i Rødøy kan det nok hende at det den dag i dag vert henta "Småris" til bumat når våren vert lang og kald så det tar lenger tid enn vanleg før feet fin nok mat i utmarka.-

~~Lyng~~ "Røsjelyng"

Her i kring vert lyng - "Røsjelyng -" bruka mykje meir til hjelpefor enn bjørkris. Lyngget ( Ein løng, lyinnen) vert ofte slegen med ljå, stappa i sekker og heinkøyrd på den måten. Også eine ~~eine~~ vert nytta til for.

- 2) I ~~brøtt~~ skogen når ein hentar ris, i lyngskogen når ein hentar lyng og i einskogen når ein hentar eine.-  
 3) Lyng, eine og ris vart henta heim om våren. ( I vårknipa ).

Kan nok henda at bjørk vart kvista etter at ho var heinkøyrd, og kvistane nytta til femat, men eg trur ikkje det var vanleg skikk.-

- 4) Ein noko lang tollekniv.  
 5) Til vanleg er det kyrne som får riset - ~~brøtt~~ - Sauene får ~~ett~~ einen som dei et baret av, og så gneg dei borken av ein-leggene. Lyngen får både kyrne og sauene. Geiter er det neppe i Rødøy no.

- 6) Mor fortalde at i gamle dagar vart kyrne slept ut ei stund midt på dagen, så dei fekk stå ei rid i " Risdongen" attmed skøttveggen ( Vedskøttet) og eta kvist ~~eller brøtt~~.

- 7) Nei det er ein skikk ingen her i kring har høyrd noko om.- Men i gamle dagar måtte borna lesa høyt saga om Jesus lidning for dei fekk mot Goufredag.

24 mai 1948.

T.K.Heen

+) Småris eller brøtt. Brøtt kjem av å bryta.  
 Bryta kvist

1862